

Første norske by fri fra tyskerne.

Den 25. oktober om kvelden, vart det gjort kjent i ein dagorden frå Stalin at den norske byen Kirkenes og 30 andre grønder var fri for tyskere. Sigaren vart feira i Moskva med 204 skot frå 224 kanoner.

Dermed er dei første områder av norsk jord igjen fritt Norge. Alle nordmenn helsar med glede denne meldinga som viser at fridomen for landet vårt ikkje er langt undan. Norske styrker vil taka del i operasjonane saman med dei russiske styrkane, og representantar for sivilt styr og stell vil verta sende til dei utfria områda.

Kong Håkon talar til Norge.

Kjære landsmenn!

Min regjering inngikk for en tid siden med mitt samtykke en avtale med den Sovjetrussiske regjering.

Vi var klar over at krigssituasjonen kunne utvikle seg slik at Sovjettropper kunne opptre på norsk territorium. Denne situasjon foreligger io.

Det er meg en glede å kunne meddele at norske styrker tar del i krigen på norsk jord, sammen med de Sovjetrussiske styrker.

Sovjetrusserne ble angrepet av tyskerne på samme måte som oss. Som allierte er de no kommet til Nord-Norge. Etterhvert som den militære situasjon tillater det vil den sivile forvaltning og rettspleien bli overtatt av norske myndigheter. De militære og sivile tjenestemenn blir sendt for å samarbeide med de russiske befalingsmenn.

Vi har tallrike vidnesbyrd om at den russiske regjering og det tapre russiske folk nærer den største sympati for vårt folk. Med beundring har vi fulgt russernes heroiske kamp mot den felles fiende.

Det er enhver nordmanns plikt å yde våre russiske allierte den størst mulige støtte. Folket i det nordlige Norge har under denne krigen inntatt den samme nasjonale holdning som befolkningen i det øvrige land.

Befolkningen i den sørlige del av Norge må være villige til å vise samhold og disiplin i tiden som kommer. Jeg sender en varm hilsen til folket i Norge med takk for deres trofasthet.

Jeg gleder meg sammen med hele det norske folk over at frigjørelsen av vårt land nå er begynt. Krigens ~~siste~~ siste fase kan føre med seg nye ofre og nye vanskeligheter, men seiren nærmer seg dag for dag.

Statsminister Nygårdsvolds tale.

Det var i Nord-Norge vi måtte inastille kampen på norsk jord i 1940. Vi gjorde det med tungt hjerte. Kampviljen hos folket var ubrutt. Livet måtte innstilles på krig og folket sto i samlet fylking. Løngs fjellene ved Narvik ble tyskerne drevet fra skanse til skanse og vi var på god vei til å fordribe fienden fra denne del av landet, men begivenhetene på andre fronter kullkastet våre forhåpninger. Også Nord-Norge måtte oppgis og dermed var hele landet i fiendens vold. Mer enn 4 år er gått. Krigslykken har for lengst vendt seg. De allierte styrker har vokset enormt og tvinger tyskerne i kne.

Sluttkampen er hård for alle, men enhver frihetselskende mann og kvinne vet at intet offer er for stort når det gjelder å vinne friheten tilbake. Det har vært en vanskelig tid.

Hald deg budd.

Krigen er igjen komen inn på norsk jord. Med glede helsar alle norske menn meldinga om at russarane har fria ut Kirkenes i Nordnorge. Men denne meldinga seier oss og at vi går alvorlige tider imøte, nå når frigjeringa av landet vårt har tatt militær form innalands. Det er meir enn ofte vorte hevda av dei underjordiske avisene at det ikkje berre er dei militære styrkane som skal føre kampen mot fienden, men heile folket.

I Danmark har vi sett korleis heile folket har gått i streik for å trygge sine interesser mot overgrepa fra fienden. Dette kan og verta naudsynt hjå oss, dersom situasjonen krev det. Vi veit ikkje idag kva kampmidlar som må takast i bruk mot fienden, men vi må førebu oss på at alle midlar må nyttast. Det veit vi.

Vi har til dessar berre forsvart oss mot dei overgrep fienden har gjort mot oss, men det kan og henda at vi går til åtak. Det som det gjeld om er at heile folket er budd på heil og full innsats når kravet kjem. Ingen må tvika og alle oppfylle dei krava som vert stilt.

Om heile folket, utan omsyn til yrke og stilling, vert pålagde ein sams innsats, enten ved å sette seg mot ei forordning av fienden, eller ved ein folkeaksjon som er offensivt retta mot fienden, så må alle kjenna plikta til å lystra dei ordrar som vert gjevne, utan å tvika.

Det norske folk må i dei dagane som kjem leva i høgste alarmtilstand, og bu seg til innsatsen i full tiltru til den styrke det ligg i sams aksjon. Hald deg difor alltid godt underretta om alt som kjem frå regjeringa i London og frå motstandsorganane på heimefronten!

Mellom bønder.

Han Per spør etter nytt. Han får då høyra at krigen er snart slutt. Dette får han til å tenkja: "Då lyt eg skunda meg, for eg har ei ku som skal slaktast". Det skapte ikkje udelt glede hjå han ved denne fretnaden. Det vekte suti, ei sut meir. Det var pengane. Han laut skunda seg, medan her var svartebørsprisar.

Han Per har hatt det godt desse krigsåra. Han har hatt mat, og han har tent pengar. Han har stått utanfor all den gru, sorg og lidning som krigen har skapt for andre. Pengesuta har stått som ein mur kring hans tanke-og kjensleliv. Det er berre meg, han Per.

Han Pål hadde fått melding om at han skulle levera 400 kg. poteter til andre nordmenn. Han ~~svarte~~ arg. Han hadde rota mykje med jorda for å få desse potetene. Daglønna vart ikkje stor. Og når han tenkte på kva desse som han skulle levera til, tente, så vart han harm. Dei hadde 1,70 kr. for timen, men kva hadde han. Dei hadde høve til å få seg jord dei dag, men dei vilde ikkje. Dei kunne ha høve til å vera med i mataukingsarbeidet, men det svara seg ikkje. Det var sutalausare å vera på godt betalt arbeid, og så kjøpa poteter. No kan dei ha det so godt.

Han Pål er så oppteken med kva dei andre skulle ha gjort, at han ber fram gløymmer si plikt mot sine landsmenn. Han kjæler for harmen i bringa. Det er eit visst velvære å eiga denne harmen. Ein vert så forbanna rettferdig. Harmen roar så godt samvitet. Det vert så lett å gjera seg vrien når ein vert pålagd å levera noko av maten til sine landsmenn. Han ser ikkje landet. Det kryp inn til å vera grenda. Og så vert hans liv ei tompling mellom grannar, som han er meir eller mindre harm på, kvar gong det er spørsmål om fordeling av maten.

Her er mange slike som han Per, og her er mange slike som han Pål. Så altfor mange. Men det skal du vita, at du fortentar ikkje å bera nordmannsnamnet, anten du no heiter Per eller Pål.

Stoda idag er alvorleg. Lat ikkje dette berre vera eit ord som vert sagt deg, men kjenn det, tenk det, tru det. Det er noko verkeleg som no lyt gå inn i ditt liv. Du er ikkje berre han Per, men du skal leva med mellom nordmenn. Idag er me komme dit, at det ikkje lenger er spørsmål um mitt, men vårt. Det gjev ansvar, og det kjem du aldri utanom.

Ein må no koma burt frå dette, at ein kvar gong det vert sett krav til ein, skal lata harmen koma opp, harmen mot andre som ikkje har stilt seg slik som ein tenkjer det. Detta er småting nå. Maten skal delast mellom det norske folk.

Bondefronten.

Frå Seim i Nordhordland vil vi nemna nokon bønder som på same måte som angivarar og andre brotsmenn fortentar å få namnet sitt på trykk. Dei har i denne tida, då folk ikkje veit å skaffe seg mat til vinteren fordi fienden raskar til seg alt, selt poteter og kjøt til tyskarane for judaspenger i form av 100 kr. sekken for potetene. Namna på dei verste er

Halvor Seim	Seim
Anders Knappskog	Seim
Magnus Vatne	Seim
Johannes Vatnøy	Seim
Andreas Johnson	Alversund

I Etne i Sunnhordland kom det inn ei skuta som skulle kjøpe opp poteter og grønnsaker til tyskarane. Bondene vart orientert om ikkje å selja noko til dei. Dei fleste lydte parolen fra dei nasjonale kreftene, men é verre var det ein del som selde til dei slik at tyskarane fekk med seg ei tonn kålrabi.

I Hordabø i Nordhordland er det mange bønder som i haust har smughandla med tyskarane. Poteter og grønnsaker har fienden fått kjøpt, men dei norske får ikkje kjøpa nokon ting. I det siste har enkelte bønder her teke til med å selja ulla til tyskarane for 25 kr. pr. kg. Andre får kjer ringane til å spinna ulla for fienden. Bondekjerringar med rokken sin, spinnande ulla for fienden. Eit uhyggjoleg bilete av kor langt ned norske bønder kan siga i pengegirsmyra.

Vi vil seinare gjera kjendt fleire namn på slike brotsmenn, som er mykje meir å forakte enn dei regelrette n.s.folk.

Då det enno ikkje er klart for alle korleis det går med slike som har selt seg til tyskarane for penger, vil vi her ein gong for alle gjera det klart for folk.

I dei okkuperte landa som nå er friggjorte av dei allierte, vort det teke med hard hand på alle som har nytta krigen til å tena seg rik på andre si ulukke. Dei vort straffa som brotsmenn, og all krigsforteneste vort teken fra dei.

Vår regjering gjorde tidleg kjendt at alle som gjekk fienden sine errend ville verta settvi same stoda som dei direkte hjelpearane i n.s., og at all eigedom og pengemidlar som slike vende til seg under krigen ville verta teken fra dei. Ingen kan etterpå årsaka seg med at dei ikkje kjende til føresegnene.

Dei som i denne tida har vorte offer for sin pengegir, og som trur meir på pengesetlane enn på Gud, vil snart få augo opp for at papir er eit heller brennbart stoff, serleg i krigstid. Når prosesjonen av tuskhandlerar og svartbørsfolk og n.s. lakeiar står i kø for å overlevera d verdelause papirsetlane dei har tena på krigen, kan vi andre trygt seie med Engstrøm: "da skal vi le godt, halleluja.

Ingen får behalda penger som dei urettmessig har vonda til seg. Mide og inniekt før 9. april 1940 vil verta lagt til grunn. Dei som nå sel matvarer til fienden vil ikkje berre ikkje få nytta godt av pengane, men vil få hard straff og sitja att med skade og skam for seg og sine så lenge dei lever. Dei bønder som har hatt dei tyske pengesetlane som nasjonalt symbol i denne tida, kan ingen hjelpe. Dei har dømt seg sjøl, og får sjøl ta ansvaret for det dei har gjort.

Dei bønder som ikkje er svarthandlere må nå gå i brodden for å vaska av bondene dei skamflekke som svarthandlerbøndene har sett på dei. Bondene har idag avgjerdsla om landet vårt til vinteren vil gå inn i hungersnød eller ei. Dei må læra av dei andre okkuperte landa, og lære at vå land kan sleppa den matnaud som er t.d. i Belgia. Dermed slepp vi og de kaos som vil fylgja med matnauda.

På landsbygda er matberginga den viktigste krigsfronten i den tida som er att. Det er altfor mange bondeungdomar som trur at det er meir iktig og patriotisk å fekta med ein revolvar enn å berga poteter og kjøt ut av fiendens klør. Dette er ikkje rett. Dei militære styrkene innanlands vil nok få tak i dei som skal til dette frontavsnittet. Ein skal kuggsa på at dei største innsatsane på heimefronten til dessar har vore våpenlause.

Hovudfronten for alle bondeungdomar og for alt arbeid på landsbygda er matberginga. Dette må gå opp for alle bønder og bondeungdomar, og dei må sjå på stoda si med alvor og ansvar. Dei pærolar som vert gjevne på dette område må fylgjast som ein militær ordre. Matberginga er det livsviktige grunnlaget for heile frigjeringsarbeidet, nå i sluttkampen.

Derfor er ordrene til alle bønder idag:

1. Alle jordbruksvarer, poteter, grønnsaker, korn, kjøt o.s.v. skal sikrast for det norske folk, slik at fienden ikkje får fat i noko. All tvangslevering til fienden skal saboterast.
2. Alle jordbruksvarer som såleis vert sikra ved privat lagring hjå bøndene, skal leverast til sikre nordmenn når det kjem ordre om det.
3. Norske sivile skal få kjøpt på tilvisingane sine, og ellers matvarer som ein veit går til familieforbruk.
4. Alt salg skal vera til rimelege prisar. Urettmessig forte- neste på matvarer vil verta notera.
5. Alle skal lyda dei ordrar som kjem frå regjeringa vår i London, frå heimefrontens ledelse og dei lokale organer som er utbygd i fylket og distriktsvis.

Dei som syndar mot desse krava, vil verta dregne til ansvar.

Bønder! Dei bøndene som hittil har vorte lagt merke til er svarthand- larbønderne. Syt for at dei bønder som ikkje er det frå nå av vert dei som folk legg merke til, og som vil sette stemplet på bøndene sin innsats i frigjeringsarbeidet.

Bygårdsvolds tale...

Folket i Nord-Norge har hatt krigshandlingene nær innpå seg, fordi tyskerne her har hatt sine baser mot våre russiske allierte, men nå er Hitlers tropper på flugt også på dette område frontavsnitt. De må bli slått, tilintetgjort eller tatt til fange. Enhver tysker som kommer sør- over vil bidra til å forlenge krigen. Jeg vil derfor understreke appellen om at de russiske og norske avdelinger må få all mulig støtte. Jeg vet at så vil skje.

I samsvar med avtale med Sovjetsamveldet av 16. mai i år har regje- ringen tatt de nødvendige skritt for å opprette norsk styre i de områdene som blir befridd. De første forsyninger av mat, klør og brensel vil ble bragt frem så snart den militære situasjon gjør det mulig.

Landssvikerne vil bli tatt i forvaring og få sin straff ved norske domstoler.

Når sovjettroppene no er rykket inn i Øst-Finmark, hilser vi dem velkomne som våpenbrødre til fullføring av vår felles frihetskamp.

I dag som i 1940 står Nord-Norge i fremste linje, Hele det norske folk som venter på seirens time er med der, og ved felles kamp og felles ofre vil seiren bli sikret.